



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
17.01.2023	6353/2023	Hilde Arna Tokle Yri

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur-, næring- og folkehelseutvalet	31.01.2023

Innspel til Kulturmiljølovutvalet frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Kultur-, næring- og folkehelseutvalet ber om at den nye lova vert utforma med eit mål om å få til ein heilskapleg kulturmiljøforvaltning og ein god samanheng med miljø- og arealforvaltninga elles. Eit nytt heilskapleg blick på verneinstituttet der dei eldste kulturmiljøa framleis har ein særleg sterkt vern, og gode rammevilkår for eigarar/forvaltarar er viktig.
2. Kultur-, næring- og folkehelseutvalet sluttar seg til fylkeskommunedirektøren sine innspel til Kulturmiljølovutvalet, slik dei går fram av vedlegg 2 til saksframlegget. Utvalet ber om at det sendast til Kulturmiljølovutvalet.

Bakgrunn

«[Meld.St. 16 \(2019-2020\)](#) Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, bærekraft og mangfold» varsla arbeidet med ei ny kulturmiljølov. No er eit utval satt saman, Kulturmiljølovutvalet, og dei skal levere ein NOU med forslag til ny lov før 1. september 2024. Utvalet har ei eiga nettside, www.kulturmiljoloovutvalet.no, med meir informasjon om mandat og samansetting.

Fylkeskommunen er invitert til å komme med innspel til ny kulturmiljølov innan 1. februar.2023. Denne saka presenter eit forslag til innspel. Vedlegg 1.

I Noreg ar vi hatt lover for å ta vare på vår felles kulturarv i vel 100 år. Først kom Lov om fornminne i 1905 og deretter Lov om bygningsfreding i 1920. Dei vart slått saman til Lov om kulturminne, kulturminnelova, som trådde i kraft 1979. I Møre og Romsdal vart dei første bygningane freda i 1923, 100 år sidan i år.

Vurdering

Kulturminnelova har i all hovudsak fungert godt, og lova har vore viktig for å ivareta kulturmiljøet på vegne av fellesskapet. Formålsparagrafen til lova gir ei tilfredsstillande skildring av kva kulturmiljø betyr for samfunn og menneske. Heimel til å kunne frede ulike kulturmiljø har vore avgjerande. Den automatisk fredinga av kulturminne eldre enn 1537 har sørnga for at kunnskapen om dei eldste kulturminna våre vert godt tatt vare på.

Stadfesting av eigarane sine rettar i lova har vore viktig, for eksempel at eigar/brukar kan få tilskot til vedlikehald (§ 17), at utgifter til fordyrande krav heilt eller delvis skal dekkast (§ 15a), og at staten dekker utgiftene til arkeologisk gransking av mindre private tiltak for tiltakshavar (§ 10). Potten som ein har til disposisjon er likevel ikkje stor nok. Overflytting av ansvar for mykje av tilskots- og

dispensasjonshandsaming frå Riksantikvaren til fylkeskommunen, har også vore viktig for å få til ei tettare og betre oppfølging.

Samtidig støttar vi arbeidet med ei ny kulturmiljølov. Lova er gammal og har fått ei rekke tillegg opp igjennom åra i tråd med samfunnsutviklinga og nye behov for heimlar. Det er derfor eit godt høve til ein samla gjennomgang av lova og tilpasse dei rettslege rammene i kulturmiljøforvaltninga til samfunnsutviklinga.

Den nye stortingsmeldinga (Meld. St 16 (2019-2020) har tre hovudperspektiv i seg, engasjement, berekraft og mangfald. Fylkeskommunedirektøren meiner at det er gode perspektiv å ha med seg når ei ny lov skal utformast. God kulturmiljøforvaltning bidreg til ei berekraftig utvikling, og er ein ressurs med ubrukt potensiale i den samla klima, miljø- og arealforvaltninga. Det er eit perspektiv som ikkje er godt nok løfta fram.

Dei andre perspektiva er like viktige, engasjement og mangfald. Dei har ei sterk demokratisk føring i seg. Kulturarv er noko som angår alle. Det er eit felles gode og eit felles ansvar. Men kven sin kulturarv er det vi tek vare på? Kan alle kjenne seg igjen i kulturarven og ta del i han? Har vi verktøy som sikrar at vi får dette til? Noreg har ratifisert Faro-konvensjonen som understrekar menneska sin rett til å ha kulturarv, rett til å tolke egen kulturarv og engasjere seg i kulturmiljø. Med ein slik rett følger også at ein må respektere andre sin rett.

På bakgrunn av den erfaringa Møre og Romsdal fylkeskommune har med lova, som regional samfunnsutviklar og regional kulturmiljømynde, har vi fleire punkt som vi ønsker at lovutvalet spesielt skal sjå nærare på. Innspel til lovarbeidet er konkret beskrive i vedlegg 2, og omfattar:

- Eigarane/brukarane sine vilkår
- Overordna forvaltningsprinsipp
- Generelt forbod mot vesentleg synleg påverking på kulturmiljø
- Generell heimel til å stoppe tiltak som er i strid med lova
- Handhevingar og sanksjonar
- Samordning og koordinering med andre lovar, særleg plan- og bygningslova
- Overordna innspel til fredingsinstituttet
- Dei eldste kulturminna våre - Automatisk freding
 - Utvida registreringar og mindre arkeologiske utgravingar på registreringstidspunktet
 - Jordbruk i områder med arkeologiske kulturminne
 - Sikringssone og kulturmiljø
 - Undersøkingssplikta
 - Kostnadsdekning § 10
 - Immaterielle kulturminne
- Verneverdige kulturminne frå etter 1537
 - Verneverdige byggverk eldre enn 1850 og manglande avslagsheimel
 - Krav om dokumentasjon
- Verdsarvområde
- Skipsfunn
- Fartøyvern og freding av båtar

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Vedlegg

- 1 Invitasjon til å sende inn innspel frå Kulturmiljølovutvalet
- 2 Innspel til Kulturmiljølovutvalet frå Møre og Romsdal fylkeskommune